

Vegnummer: Fv 567
 Kommune: Osterøy
 Prosjekt: 2022/275
 Saksnummer: 2022/92624
 Sakshandsamar: Nils-Helge Teigen

Kjøpekontrakt

Kjøpar

Vestland fylkeskommune

Seljar

Audun Småland eigar av gnr. 2 bnr. 2 i Osterøy kommune
 Adresse: Valestrandsvegen 157, 5281 Valestrandsfossen

1. Kontrakten gjeld

Seljar avstår nødvendig grunn og tilhøyrande rettar til bygging/utbetring av Gang og sykkelveg, Loftås – Hauge

Inngrepet/avståinga går fram av reguleringsplan Fv 567 Loftås – Hauge, Gang og sykkelveg godkjent 04.12.2013 og W 015.

Dersom ikkje anna er avtalt, avstår seljar grunnen med alle påståande innretningar, vegetasjon, matjord med vidare.

2. Erstatning

Partene er einige om denne erstatninga:

Tilført areal, areal til deponi og flytting av jord utgjør full erstatning for alt areal Vlfk ervervar inkl midlertidig areal.

Gnr 2 bnr 2 får tilført om lag 1,5 daa frå gnr 2 bnr 1.

Type erstatning	Mengde	a kr	Sum kr
Dyrka mark	622m ²		0,-
Midlertidig areal RS	1		0,-
Tilbakeført areal	ca 1500m ²		0,-
Finplanering/tilsåing deponi	1	12 000,-	12 000,-
Total erstatning:			<u>12 000,-</u>

a) Rund sum

Dersom erstatninga er avtalt som rund sum, skal kjøpar betale erstatninga innan 4 veker etter at kontrakten er underteikna av begge partar. Når det gjeld frist for utbetaling, Tas det atterhald om samtykket frå panthavarar, jf. punkt b) nedanfor.

b) Atterhald om panthavarar

Kjøpar tek atterhald om at eventuelle panthavarar må gi samtykke til at erstatninga kan utbetalast. Det er kjøpar som innhentar dette samtykket.

3. Spesielle kontraktsvilkår

Vlfr flytter jord frå areal som gangvegen beslaglegg, til areal vist på vedlagte kart. Dette arealet kan og brukast til plassering av massar frå andre deler av anlegget. Ved anleggets slutt skal arealet vera grovplanert og fritt for større stein.

Vert ikkje arealet godkjent til bruk som midlertidig deponi av Osterøy kommune, fell denne delen av avtalen bort..

Arealoverføring frå gnr 2 bnr1 til bnr 2 må godkjennast av Osterøy kommune. Vert ikkje dette godkjent, vert erstatning for erverva areal satt til kr 30/m².

4. Generelle kontraktsvilkår

Desse generelle kontraktsvilkåra gjeld dersom ikkje anna er avtalt i punkt 3.

a) Kva erstatninga skal dekkje

Kjøpesummen skal dekkje avståing av grunn og rettar, samt alle skadar og ulemper som har samband med avståinga, eller med det vegtiltak det ervervast til fordel for.

Erstatning for skade og ulempe som følgje av anleggsdrifta, er haldne utanfor og vil bli behandla uavhengig av denne kjøpekontrakten.

b) Flytting av gjerde og andre innretningar

Eventuell frist for å flytte gjerde eller andre innretningar som seljar skal behalde, er oppført i punkt 3. Seljar skal plassere gjerdet etter tilvising frå kjøpar.

c) Leidningar

Kjøpar utfører og betaler for nødvendig omlegging av lovleg plasserte leidningar. Det gjeld likevel ikkje dersom løyvet til å leggje leidningane er gitt på spesielle vilkår.

d) Avkøyrslar og tilkomstforhold

Eventuelle endringar i avkøyrslar eller tilkomstforhold går fram av planteikningane eller er oppførte under punkt 3. Kjøpar har ikkje ansvar for å vedlikehalde avkøyrslar eller tilkomstveggar i framtida.

e) Tiltreding av eigedommen

Kjøper kan ta grunnen i bruk (tiltre eigedommen) når denne kontrakten er underskriven av begge partar.

f) Registrering i det offentlege eigedomsregisteret – matrikkelen

Kjøpar sender melding til kommunen om at denne kontrakten er inngått, slik at kontrakten blir registrert i matrikkelen (jf. § 48 i føresegn til matrikkellova). Registreringa blir fjerna frå matrikkelen når oppmålinga og matrikkelføringa er fullført.

g) Tinglysing

Denne kontrakten kan tinglysast på eigedommen gnr.2 bnr.2. Kontrakten kan ikkje slettast utan samtykke frå kjøpar. Kjøpar er ansvarleg for kostnadene ved tinglysinga.

5. Underskrifter

Denne kontrakten er underskriven i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Seljar

26/1-23

Dato

Audun Småland

Namn

.....
Fødselsnummer/organisasjonsnummer

.....
Bankkontonummer til seljar

Kjøpar




Nils-Helge Teigen

For Vestland fylkeskommune

821311632

Organisasjonsnummer



2106103

21075100

Tegteknisk forklaring
 Prospekt for
 Deponi 374,0m²

Kontaktoplysninger		Dato		Side		Bladnr.	
Vestbyrådgivning		18.11.2013		1		1	
Firma		Løkke & Sørensen		Projekt nr.		1000000000	
Adresse		Tegteknisk prof. 1:1000		Projektstatus		1000000000	
Telefon				Udarbejdet af		18.11.2013	
E-mail				Tjekket af		18.11.2013	
Kontaktoplysninger		18.11.2013		18.11.2013		18.11.2013	